

Innst. S. nr. 23

(2001-2002)

Innstilling fra sosialkomiteen om endring av bevilgningene på statsbudsjettet for 2001 for å styrke den helsemessige beredskap mot atom-, biologiske og kjemiske våpen

St.prp. nr. 3 (2001-2002)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Det vises innledningsvis i proposisjonen til at Regjeringen ved kongelig resolusjon av 5. oktober 2001 har fått samtykke til å overskride bevilgningen under kap. 797 Helse- og sosialberedskap for å kunne sette i verk et sett med strakstiltak for å styrke den helsemessige beredskap med tanke på hendelser med masseødeleggelsesvåpen. Regjeringen legger i proposisjonen fram strakstiltakene for Stortinget med forslag om økte bevilgninger.

Det framholdes at hendelsene i USA 11. september 2001 har aktualisert behovet for å fortere oppfølgingen for å styrke beredskapen mot atomvåpen, biologiske og kjemiske våpen (ABC-våpen).

Det redegjøres for hovedtiltakene som omfattes av beredskapen mot ABC-våpen; herunder forebyggende tiltak, varslings- og informasjonstiltak, beskyttelsestiltak for innsatspersonell, deteksjon (avdekking av hvilke typer våpen som er benyttet), skadeforebyggende- og skadebøtende tiltak og tilgang på ekspertise og kompetanse.

Etter Regjeringens vurdering er det behov for strakstiltak innenfor helsesektoren når det gjelder deteksjon, beskyttelse av innsatspersonell, rensing av forurensede pasienter, samt legemidler til behandling. Tiltakene omfatter anskaffelse og fordeling av utstyr, materiell og legemidler samt kompetansecfremmende tiltak for innsatspersonellet som skal benytte utstyret.

De samlede utgiftene er beregnet til 65 mill. kroner. Det uttales at det vil bli omdisponert 3 mill. kroner innen bevilgningen under kap. 797 Helse- og sosialberedskap for inneværende år, og det foreslås i proposisjonen at bevilgningen under kap. 797 post 1 forhøyes med 62 mill. kroner på statsbudsjettet for 2001 uten inndekning. Det uttales at samlet inndekningsbehov vil bli vurdert i forbindelse med proposisjoner som fremmes i høst, og nysalderingsproposisjonen for 2001.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Rolf Erling Andersen, Bjarne Håkon Hanssen, Britt Hildeng og Asmund Kristoffersen, frå Høgre, Beate Heieren Hundhammer, Bent Høie og Elisabeth Røbeek Nørve, frå Framstegspartiet, leiararen John I. Alvheim og Harald T. Nesvik, frå Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo og Sigbjørn Molvik, frå Kristeleg Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund og Magne Aarøen, og frå Senterpartiet, Ola D. Gløtvold, syner til at helseberedskapen har vore gjenstand for løpande vurderingar dei siste åra. Komiteen er samd i at hendingane i USA 11. september i år har aktualisert trongen for å skunde fram styrking av beredskapen mot ABC-våpen.

Komiteen har merka seg at beredskapen mot ABC-våpen omfattar eit sett av hovudtiltak. Komiteen slutter seg til at det er behov for strakstiltak innanfor helsesektoren når det gjeld deteksjon, vern av innsatspersonell, rensing av ureina pasientar og legemiddel til behandling.

Komiteen vil syne til at strakstiltaka tek utgangspunkt i dei utgreiingar og vurderingar som er gjort av den helsemessige beredskap mot ABC-våpen dei seinare åra. Komiteen har merka seg at tiltaka vil omfatte innkjøp og fordeling av utstyr, materiell og legemiddel og kompetansecfremjande tiltak for innsatspersonell som skal nytte utstyret.

Komiteen slutter seg til at desse tiltaka kan iverksetjast straks.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I statsbudsjettet for 2001 vert gjort følgjande endring:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
Utgifter:			
797	1	Helse- og sosialberedskap Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , aukast med frå kr 12 000 000 til kr 74 000 000	<u>62 000 000</u>

Oslo, i sosialkomiteen, den 15. november 2001

John I. Alvheim
leder

Magne Aarøen
ordfører

Åse Gunhild Woie Duesund
sekretær